



Kontaktlærer Brit Hjetland held tale for dei to nybakte frå USA

**I have made a lifetime of memories in a few short months
I will never forget this amazing experience.
Så sterkt uttrykkjer dei seg, Jennifer Smock (22) og Caitlin
Wampler (21) som no dreg heim til Iowa etter 8 veker i
skulen i Uskedalen. Og sjølv om amerikanarar flest er kjende
for å nytta store ord, er vi ikkje i tvil om at dei to, som no er
ferdigutdanna lærarar, meiner det dei uttrykkjer.**

For konklusjonen både frå dei og alle ved skulen etter det aller fyrste studentopphaldet her er denne: Dette var svært vellukka og bør gjentakast. Begge parter har tydelegvis lært mykje av kvarandre samstundes som dei har hatt det triveleg saman. Etter den første veka fungerte alt smertefritt.

- Og så er dei to så flinke til å læra og til å engasjera seg, dei er det vi i gamla dagar kalla evnerik ungdom, seier kontaktlærer for opphaldet Brit Hjetland og den andre kontaktlæraren Terje Helleland er einig. Førrebeles har dei ingen jobb å reisa attende til, men både for deira eigen og USAs skuld får vi håpa at den saken snart blir ordna. Kontaktlærarane peikar også på kor flinke dei to har vore til å knytte band til elevane og ta seg av dei.

Ved skulen her i bygda har Jennifer og Caitlin vore innom alle klassane, der dei har vorte helsa på uklanderleg engelsk og har lært frå seg mykje av språket til elevane. Men det begrensar seg ikkje til det, til dømes har dei

også instruert i amerikanske ballspel, som tildels ikkje er til å begripa for oss på denne sida av dammen. Og dei har forklart og illustrert Thanksgiving Day, som er eit nasjonalt høgdepunkt nesten på høgde med 4. juli.

Særleg interessant er kanskje det dei to nybakte lærarane fortel om skilnaden mellom skulen i dei to landa. I USA er skuledagen frå halvannen til to timar lengre enn her medan elevane har berre 20 minuttar pause mot 45 her. Denne skilnaden lovar dei to å minna sjefane sine om når dei kjem heim.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen